

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Teams
Dato: 25.02.2022
Tidspunkt: 09:00 – 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på e-post: fmopkso@statsforvalteren.no / 468 97 683.
Vararepresentantar møter etter nærmare beskjed.

Styremøte blir gjennomført på Teams, men innlagd pause til lunsj, og ved behov.

Vedlegg til sak 9/2022, blir sendt på e-post saman med innkallinga.

Vel møtt til årets fyrste styremøte i Reinheimen!

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 1/2022 | Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar | | |
| ST 2/2022 | Referatsaker | | |
| | Høring om eventuell deling av Innlandet fylkeskommune | | 2021/13031 |
| | Kopi av levert rapport - midler til tiltak i verneområder | | 2020/12175 |
| ST 3/2022 | Delegerte saker | | |
| DS 1/2022 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av båt - Honnsjoen - Kjell Olstad | | 2021/11448 |
| DS 2/2022 | Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - frakt av båt til Søre Bergetjønn - Bjørn Moen | | 2022/196 |
| DS 3/2022 | Endring av delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - øvingsplan - B4 kjentmannstur - oppkjøring av spor i Asbjørnsdalen - Brennhaug - Lesja og Dombås Røde Kors Hjelpekorps | | 2021/12135 |
| DS 4/2022 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - drift av mobilmast - Skarfjellenden - Telia Norge AS | | 2021/11920 |
| DS 5/2022 | Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - transport i samband med reperasjon av klimastasjon og skredkamera - Møre og Romsdal fylkeskommune | | 2022/261 |
| DS 6/2022 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen landskapsvernområde - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - avliving av skada villrein - Lom kommune | | 2022/1594 |
| DS 7/2022 | Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2022 - snødekt mark - transport av ved til naust ved Råkávatnet - Ola og Pål Håkenstad | | 2021/10799 |
| DS 8/2022 | Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - Meborotjønn - Stein Heggebotten | | 2021/12271 |
| DS 9/2022 | Delegert vedtak - avslag - Reinheimen NP - 2021 - 2022 - drone - film om norsk skikjøring - Markus Johnsen Aase | | 2021/12400 |

| | | |
|---------------|---|------------|
| DS 10/2022 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - transport til fiskebu ved Honnsjoen - Torhild Rudsar | 2021/11514 |
| DS 11/2022 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønn - Lars Aaboen | 2022/268 |
| DS 12/2022 | Delegert sak - avslag - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - persontransport - Lordalsvegen 1985 - Vegard Digernes | 2022/413 |
| DS 13/2022 | Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av ved og materialer til vedlikehold - Leirungsvatnet - Trond Jøingsli | 2021/12559 |
| DS 14/2022 | Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - utkøyring av 2 gamle jervbåsar - Nils Øygarden | 2022/1116 |
| DS 15/2022 | Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2023 - barmark - prøvefiske / uttak av småfisk - Langvatne - Grytten Fjellstyre | 2022/1144 |
| ST 4/2022 | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - plassering av garnkasse nord for Steinkollen - Kristen Haugen Dagsgard | 2021/12323 |
| ST 5/2022 | Klage - Trollstigen LVO - Dispensasjon på oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv i Steindalen | 2020/8174 |
| ST 6/2022 | Dispensasjon - Reinheimen NP - 2022 - riving og oppføring av ny utedo - Mebua - Grytten Fjellstyre | 2022/1146 |
| ST 7/2022 | Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage | 2019/10385 |
| ST 8/2022 | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak - driftsmidler nasjonalparkstyret - brukerundersøkinger - 2022 | 2021/11909 |
| ST 9/2022 | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2021 | 2022/2153 |
| ST 10/2022 | Orienteringar | |

ST 1/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 2/2022 Referatsaker
Høring om eventuell deling av Innlandet fylkeskommune
Kopi av levert rapport - midler til tiltak i verneområder

ST 3/2022 Delegererte saker
DS 1/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av båt - Honnsjoen - Kjell Olstad 2021/11448
DS 2/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - frakt av båt til Søre Bergetjønn - Bjørn Moen 2022/196
DS 3/2022 Endring av delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - øvingsplan - B4 kjentmannstur - oppkjøring av spor i Asbjørnsdalen - Brennhaug - Lesja og Dombås Røde Kors Hjelpekorps 2021/12135
DS 4/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - drift av mobilmast - Skarfjellenden - Telia Norge AS 2021/11920
DS 5/2022 Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - transport i samband med reperasjon av klimastasjon og skredkamera - Møre og Romsdal fylkeskommune 2022/261
DS 6/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen landskapsvernområde - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - avliving av skada villrein - Lom kommune 2022/1594
DS 7/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2022 - snødekt mark - transport av ved til naust ved Råkåvatnet - Ola og Pål Håkenstad 2021/10799
DS 8/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - Meborotjønn - Stein Heggebotten 2021/12271
DS 9/2022 Delegert vedtak - avslag - Reinheimen NP - 2021 - 2022 - drone - film om norsk skikjøring - Markus Johnsen Aase 2021/12400
DS 10/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - transport til fiskebu ved Honnsjoen - Torhild Rudsar 2021/11514
DS 11/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønn - Lars Aaboen 2022/268
DS 12/2022 Delegert sak - avslag - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - persontransport - Lordalsvegen 1985 - Vegard Digernes 2022/413
DS 13/2022 Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av ved og materialer til vedlikehold - Leirungsvatnet - Trond Jøingsli 2021/12559
DS 14/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - utkøyring av 2 gamle jervbåsar - Nils Øygarden 2022/1116
DS 15/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2023 - barmark - prøvefiske / uttak av småfisk - Langvatne - Grytten Fjellstyre 2022/1144



Arkivsaksnummer: 2021/12323-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 21.01.2022

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 4/2022 | 25.02.2022 |

Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - plassering av garnkasse nord for Steinkollen - Kristen Haugen Dagsgard

Innstilling frå forvaltar

Plassering av garnkasse

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, g) får Kristen Haugen Dagsgard dispensasjon til å plassere ei ny garnkasse ved Steinkolltjønnna, 1329 moh, for å lagre garn, gummibåt og fiskeutstyr i samband med fiske.

Dispensasjonen til plassering av ny garnkasse er gjeve med følgjande vilkår:

- Garnkassa skal plasserast inntil ein bergknaus, der den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.
- Garnkassa skal ikkje overstige 1m³. Høgda skal vera inntil 0,8 m. Kassa skal ha ei mørk farge som gjer at den minst mogleg eksponert.
- Garnkassa skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkforvaltninga og grunneigar Skjåk Allmenning.
- Dersom garnkassa ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet. Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at garnkassa vert fjerna frå verneområdet.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Motorferdsel

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Kristen Haugen Dagsgard dispensasjon til utkøyring av garnkassa med snøscooter til Steinkolltjønnna.

Dispensasjon til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld 1 tur vintersesongen 2022, innan 10.mars.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Skjåk kommune, som skal kunne samordne med andre kjøyreoppdrag i området.
- Køyretrasé er frå Aursjoen. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i køyretraseen.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Statens naturoppsyn (SNO) Per Olav Haugen (mob 970 57 213) skal varslast på SMS dagen før køyring.

- Kjørerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 05.06.2022 på følgjande elektroniske skjema:
https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Rapporteringsskjema_motorferdsel-redigert2021.pdf

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova. Det vert gjort merksam på at transportløyve også må avklarast med grunneigar. Ved bruk av leigekjører treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekjørerløyve gjeve av kommunane.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Kristen Dagsgard,
- Uttale frå Skjåk Almending, e-post 24.01.22

Saksopplysningar

Søknaden


Søknad om å plassere garn/utstyrskasse

Eg søker med dette om å plassere ei garnkasse (materieil av tre) ved tjønna nord for Steinkollen og vest for Fellingvatnet i Skjåk Almending og Reinheimen Nasjonalpark. I minst 10 år har eg fiska aktivt i denne tjønna som står namnlaus på kartet. Eg kallar ho sjølv for Steinkolltjønna. Øystein Mølmen omtala den som «banantjønna».

Tanken med plassering av garnkassa er naturlegvis for lagring av enkelt utstyr som blir brukt i samband med fising (garn, lavvo, ved, gummibåt etc.). Det er nokså langt til næraste utleigehytte og difor ser eg eit behov for litt lagring.

Det finst ikkje kasser i området frå før. Ved innvilga søknad kjem eg difor til å mure kassa delvis ned inntil ein bratt bergvegg. Det er også eit ynskje frå meg at den blir gøymd etter beste evne. Elles er orden rundt kassa eit sjølvsgt krav.

Eg er kjend med den maksimal storleiken slike kasser kan ha, samt fargeval som går i eitt med naturen. Elles er dei ei sjølvfylgje at ein rettar seg etter dei vilkåra som grunneigar og vernemynde stiller.



Dersom plasseringa blir innvilga, søker eg også om motorferdselløyve med snøscooter for å kunne frakte den innover vinteren 2022. Leigekjører eller Skjåk Røde Hjelpekorps blir i så fall nytta.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24. november 2006.
- Forskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24. november 2006. Naturmangfaldlova, 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova

Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, jf. Verneforskrift § 3 pkt. 1.1, herunder anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar.

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3, gje dispensasjon til *g) Oppsetting av kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn i Skjåk allmenning*

Det er i utgangspunktet forbod mot motorisert ferdsel i Ottadalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark. Transport av garnkasser er ikkje spesifisert i verneforskriftene for Reinheimen NP og Ottadalen LVO, så slik transport må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. »

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekker forhold kor verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 39 står følgjande om garnkasser:

«Garnkasser § 3, pkt 1.3 g.

Etter søknad er garnkasser tillate sett opp i Skjåk allmenning. Det gjeld følgjande reglar for utforming og bruk:

Kasser for utstyr og proviant skal ikkje overstige 1 m3. Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m. Kasser for utstyr og proviant skal plasserast minst mogleg skjemmaende og framtrédande i terrenget. Kassene skal plasserast inntil naturleg forhøgdingar som t.d. fjellknauser, større steinblokker og liknande. Synlege flater skal tildekkjast med naturlege materialar i området.

Fleire kasser må ikkje koplust saman når formålet er å skape bueiningar

Garnkasser skal registrerast hjå forvaltningsstyresmakta som skal føre kartotek over plasseringa av dei.»

Når det gjeld motorferdsel, så står det i forvaltningsplan at transport av garnkasser på snødekt mark i Skjåk almenning kan vurderast som unntak frå vernereglane, jf. s.49:

«Garnkasser § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsstyresmakta kan for område i Skjåk almenning gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark. Etter søknad kan garnkassene bli flytta mellom vatn.

Transporten skal skje med leigekøyrar. Transport for oppfylling av garnkasser er ikkje tillate.»

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Føremål med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort samanhengande og villmarksprega fjellområde. Ivaretaking av eit høg fjellsøkosystem, naturmangfaldet, leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord og vassdragsnaturen er også viktig føremål med nasjonalparken.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt dokumentert i naturbase, artsbase, gjennom forvaltningsplan og kartlegging. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar gjennom overvaking av området. I rapport nr.6 (2018) om rovfugl/våtmarksfugl i Reinheimen, utarbeidd av Kistefos Skogtenester på oppdrag frå nasjonalparkstyret, er områda kring Fellingsvatnet - Jehanstjønnen registrert som funksjonsområde for sårbare fugleartar. Steinkollvatnet, også kalla Banantjønnen, ligg på 1329 moh, vest for Fellingsvatnet. Oppsetting av garnkasse ved Steinkollvatnet vil ikkje komme i konflikt med fuglelivet, så lenge ein unngår aktivitet nær hekkelokalitetar i sårbare periodar på året.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særlig i forhold til landskap og dyreliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldloven §§ 1(Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Plassering av garnkasse

Verneforskrifta har teke høgde for at det kan vera behov for å plassere nye garnkassar ved fiskevatn i Reinheimen innafor grunn til Skjåk Allmenning. Bruken av området gjennom generasjonar har vore med og gjeve føringar for kva det kan gjevast løyve til, og det er aksept for at fiskarar kan få plassere nye garnkassar for lagring av utstyr og proviant, avgrensa til fiskevatn. Omfanget er derfor relativt oversiktleg, og behovet er avgrensa til fiskevatn der det er ønskje om at det blir fiska.


Forvaltar har vore i kontakt med Skjåk allmenning i tidlegare saker, og grunneigar har mellom anna gjeve slike signal i 2018: *-som regel gjev løyve til utplassering av garnkasse så lenge den glir godt inn i terrenget, har «fjellfargar», følgjer dei retningslinjene som er satt og at kassa blir merka. Vi har også hatt med ein passus om at dersom kassa ikkje blir brukt eller ikkje blir vedlikeholde kan allmenninga krevja at eigar fjernar den.»* Når det gjeld plassering av ny garnkasse ved Steinkolltjønnen, så skriv grunneigar følgjande i e-post 24.001.22: *«Hei, Dette er vel greitt. Vi set ikkje andre krav enn dykk, hugs på å få med at kassa skal namnast og at det skal haldast ryddig i området rundt.»*

Merking av kassane med namn, og informasjon om GPS-koordinatar for plasseringa er samanfallande interesse både for nasjonalparkforvaltning og grunneigar, og det vil gjere det enklare å følgje opp for å hindre at kassar som ikkje vert brukt i samband med fiske, vert liggjande og forfalle. Både grunneigar og Nasjonalparkstyret skal kunne krevje at ubrukte garnkassar vert fjerna frå verneområdet.

Når det gjeld omsynet til villrein så vil ikkje tiltaket vera i konflikt med villrein, så lenge plassering og bruken er knytt til fiske som før. Kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova (nml) § 8, er tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk nml § 9, «føre-var-prinsippet». Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §§10 og 12. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane. Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig.

Motorferdsel

Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel generende på friluftslivet. I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men det blir understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klart nytteføremål. I verneområda er det og ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum.



Aktuell køyrerute frå Aursjoen til Steinkolltjønna går i funksjonsområde for villrein. I kartet over er den aktuelle køyretraseene skissert med raud stipla line. Det blå feltet viser villrein sine trekkområde, og det rosa feltet er kalvingsområde. Informasjon i kartet stadfester at området er særleg viktig som funksjonsområde for villrein. På telefon i januar informerte sekretær i Villreinutvalet at det no er observert villreinflokkar kring Ruphovden og flokkar lenger aust på Liafjellet og kring Sterringshø. I tillegg er det og flokkar spreidd lenger vest mot Aursjoen. Det beste tidspunktet for å unngå konflikt med villrein vinterstid i dette området er tidlig på vinteren før mars. Men det må likevel stilles krav om særskild aktsemd i høve til villreinen, i tråd med føringar gitt i forvaltningsplan.

Det er god kunnskap om arealbruken til villreinen i området. Motorferdsel bør avgrensast til eit minimum, i tråd med det generelle forbodet mot motorferdsel sett i verneforskrifta § 3 pkt.

5.1. Det er viktig å velja køyretrase og tidspunkt som er til minst mogleg skade og ulempe, både for dyreliv og folk i området. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

Enkelttiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang, og samla omfang av tilsvarande transportar vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning».

Ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå køyring som kan uroe reinen unødig, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformålet. Det må også takast omsyn til dei som ønskjer å oppleve naturen med minst mogleg støy. Transportør må av omsyn til verneverdiane ta kontakt med SNO i forkant av turane for å hindre konflikt med villrein i området. Vilkår om å ikkje køyre dersom det er rein i køyretraseen og ikkje køyre etter 1.mars, kan redusere ulemper for verneverdiane. Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptabel.



Arkivsaksnummer: 2020/8174-19

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 31.01.2022

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 5/2022 | 25.02.2022 |

Klage på vedtak - Dispensasjon for oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv i Steindalen, i Trollstigen Ivo

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek klaga til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal til følgje og gjer om på sitt vedtak 03.12.21 i sak 61/2021:

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Valldal og Fjørå beitelag v/Hans Martin Gjedrem avslag på søknad om å plassere posterings- og jaktbu i Steindalen i samband med felling av jerv. Ei posterings- og jaktbu er ikkje avgjerande for å redusere skadeomfang eller regulere bestanden av jerv.

Plassering av posterings- og jaktbu i Steindalen strider mot verneformålet og verkar negativt på verneverdiane. Dispensasjon vil kunne vil og kunne skape unødige presedens ved mange liknande søknader frå beitelag og jaktlag knytt til verneområdet, og føre til stor samla belastning for verneområda knytt til Reinheimen.

Eit alternativ til posterings- og jaktbu i Steindalen, kan løysast ved å bruke telt. Eit robust telt er ein meir fleksibel løysning ved eventuell skadefelling, enn ein fast installasjon.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rapport Miljødirektoratet – ulovleg oppsatt jaktbu 08.07.20
Varsel frå Nasjonalparkstyret om mogleg pålegg om retting etter naturmangfaldlova § 69, 21.12.20
- Fråsegn om førehandsvarsel frå Hans Marting Gjedrem, 11.01.21.
- Søknad om bygging av gjetarbu i Steindalen frå Hans Martin Gjedrem, 17.05.21, journalført 23.06.21
- Avslag på søknad om bygging av gjetarbu. Nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 35/2021, behandla 02.07.2021.
- Brev frå Hans Martin Gjedrem, 29.07.21.

- Klage på gjetarbu, og søknad om jakt- og posteringsbu i Steindalen, frå Valldal og Fjørå beitelag 05.09.2021.
- Uttale frå Statsforvaltar i Møre og Romsdal, e-post 22.11.21.
- Dispensasjon til jakt- og posteringsbu i Steindalen. Vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 61/2021, 03.12.21.
- Klage på vedtak om dispensasjon til passering av jakt- og posteringsbu i Steindalen, frå Statsforvalteren i Møre og Romsdal, 21.12.21 (VEDLEGG)

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Trollstigen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Statsforvalteren har klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyret jf. naturmangfaldlova §62 tredje ledd siste setning. Elles gjeld dei alminnelege reglane om rett til å klage.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 12, er om klageadgang, klageinstans og klagehandsaming omtala.

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar. Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans. Miljødirektoratet er endeleg klageinstans for vedtak som styret/ forvaltar har fatta som forvaltningsstyresmakt.

Klaga frå Statsforvalteren er datert 21.12.2021. Vedtaket i nasjonalparkstyret ble mottatt på e-post 06.12.2021. Nasjonalparkstyret for Reinheimen mottok klaga frå Statsforvalteren i Møre og Romsdal 22.12.21, og innafor klagefristen, som er 3 veker, jf. forvaltningslova § 29.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå Statsforvalteren gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal "foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for", jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv. Nasjonalparkstyret skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak. Dersom nokon er "motpart" i saka skal vedkommande varslast om klaga og få høve til å uttale seg.

Klage på vedtak i sak 61/2021, frå Statsforvalteren i Innlandet:

Statsforvalteren i Møre og Romsdal klager på vedtak om dispensasjon til plassering av posterings- og jaktbu for felling av jerv i Steindalen i Trollstigen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 03.12.21, og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Valldal og Fjørå beitelag v/Hans Martin Gjedrem dispensasjon til å sette opp posterings- og jaktbu i Steindalen i samband med lisensfelling / skadefellingsløye av jerv.

Vilkår:

1. Posterings- /jaktbua skal vere 1,7 x 1,3 m, med takhøyde 1,6 m, utforma som eit enkelt skjul med kikkertopning på eine langveggen.
2. Taket skal ha tre eller torv som tekkemateriale. Bua skal vere gråfarga og inntil veggane må det delvis dekkast til med stein slik at bua i størst grad blir skjult i terrenget.
3. Byggverket skal fungere som posterings- og jaktbu i samband med lisensfelling/skadefelling av jerv.
4. Bua skal plasserast 2 km innafor vernegrensa til Trollstigen lvo i og ca 500 meter frå grensa til Reinheimen nasjonalpark. Jfr kart i saksutgreiinga.
5. Jaktbua skal fjernast når det ikkje er behov for den lenger i jaktsamanheng.

Utmarksbeiting er ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i verneområdet, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av formålet. Nasjonalparkstyret er kjent med skadane rovdyr gjer i området, og ser med uro på om beitinga skal opphøyre. Også uttalane frå grunneigar, beitelag og Statsforvaltar er tatt med i vurderinga for å gje dispensasjon. Ein viser og til prosjektet effektiv jervjakt på østsida i verneområdet.

Styret har og vurdert søknaden opp mot spørsmålet om presedens i slike saker og finn at evt. liknande saker må handsamast individuelt.

Etter ei totalvurdering er fordelane med dispensasjon større en ulempene og tiltaket vil ikkje forringe verneformålet.»

Saksutgreiing og i sak 61/2021:

<https://www.miljovedtak.no/Vedtaks%C3%B8k/VisSak?SakId=48014>

Vurdering

Statsforvalteren i Møre og Romsdal klagar på Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak som gjeld plassering av posterings- og jaktbu til bruk ved felling av jerv i Steindalen. Statsforvalteren meiner bygget verkar negativt inn på verneverdiane, og at behov for skjul og ly kan dekkast med telt, noko som gir større fleksibilitet enn ein fast installasjon. I tillegg er det lagt vekt på at vedtaket vil skape uheldig presedensverknad.

I klaga viser Statsforvalteren til at nasjonalparkstyret 02.07.2021 gav avslag på søknad om å bruke bua som gjetarbu. Dette var mellom anna grunngjeve med at bygget er til ulempe for verneverdiane og strir mot verneformålet. Dette blir trekt fram som bakgrunnsinformasjon for saka.

Rammer for vernet, med verneformål og vernereglar som er å ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, er lagt vekt på i klaga.

Statsforvalteren viser til verneforskrift § 3.1.1., der det står at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Dette omfattar m.a. oppføring av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar.

Vidare legg dei til grunn at posteringsbua ikkje er ein nødvendig bygning til beitebruk og tilsyn, jf. § 3.1.3, b), og må behandlast etter den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova §48, slik nasjonalparkstyret har gjort. Naturmangfaldlova § 48 set strenge krav til når dispensasjon kan gjevast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Statsforvalteren viser til at nasjonalparkstyret meiner fordelane med dispensasjon er større enn ulempene, og at tiltaket ikkje vil forringe verneformålet, men skriv at ulempene som inngår i avveginga ikkje er konkretisert. Fordelene er etter det statsforvalter forstår, at bua vil bidra til å oppretthalde beiting i området, som held oppe naturverdiane og det biologiske mangfaldet som ein vesentleg del av formålet med vernet.

Sjølv om bua er lita meiner statsforvalteren at den representerer eit framandelement som er uheldig for landskapsopplevinga i Steindalen. Statsforvalteren er ueinig i nasjonalparkstyret si vurdering av verknadene av tiltaket (nml § 8). Vilkår om å dekke veggane delvis til med stein og tekke taket med tre eller torv vil ikkje vere tilstrekkeleg for å skjule bygget, og meiner derfor at bygget strir mot verneformålet og verkar negativt på verneverdiane. Dei viser og til nasjonalparkstyret sitt avslag om at bua kunne få stå som gjetarbu i vedtak 02.07.2021, utan at dei vilkåra som no er sett om tildekking var framme i vurderinga. I avveginga må behovet for tiltaket også vurderast opp mot påverknaden det har på verneformål og verneverdiar.

Når det gjeld felling av jerv i området kan ikkje statsforvalteren sjå at bua er avgjerande for å redusere skadeomfang eller regulere bestanden av jerv, og heller ikkje for om det skal beite sau i Steindalen. Sjølv om det vart felt ein jerv frå bua 2. august 2021, opplyser statsforvalteren om at bua har stått i området gjennom åtte beitesesongar og sju lisensfellingsperiodar utan at det tidlegare har bidratt til felling av jerv. Statsforvaltaren ser det likevel som viktig at skadefellingsforsøk blir gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte for å redusere tapa i akutte skadesituasjonar. Postering er mykje brukt, men har lav suksessrate. I den grad eit krypinn kan betre utbyttet av postering, eller fungere som kvileplass for menneskap, ser dei positivt på det som eit verkemiddel. Statsforvaltaren peiker derfor på at bruk av telt vil dekke same behovet, og det kan plasserast og flyttast ut i frå den aktuelle skadesituasjonen. Ein slik fleksibilitet har ikkje ei fast plassert bu. Bruk av telt vil etter statsforvalteren si vurdering fylle vilkåret i naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode. Dei skriv vidare at dei kan støtte kjøp at telt i dei kommunale fellingslaga innanfor dei ordningane dei rår over. Når det gjeld eventuell bruk under lisensjakt vil Statsforvaltaren peike på at det blir gjeve støtte til fleire åteplassar i fylket. Det blir og lagt vekt på at desse åteplassane skal ligge så tilgjengeleg som mogleg og at det er jegerar på åteplassane når det er forhold for postering, for å unngå at åteplassar fungerer som fóringplass for jerv. Ut i frå dette meiner statsforvalteren at bua i Steindalen er ein lite eigna åteplass, og at omsynet til lisensfelling ikkje kan få vesentleg vekt i vurdering av saka.

I klaga er det og lagt stor vekt på at vedtaket vil skape presedens. Det er fleire område med skadesituasjonar innanfor verneområda i Møre og Romsdal med tilgrensande verneområde i andre fylke, og dispensasjon til bua i Steindalen vil opne for plassering av liknande buer andre stader i verneområda. Statsforvaltaren understreker at alle vedtak skapar presedens i kraft av seg sjølv. Og styret sitt vedtak vil uansett skape presedens for andre sjølv om alle saker skal vurderast individuelt. Presedensverknad må også inngå i vurdering av samla effekt etter nml § 10.

Ut i frå ei samla vurdering av klaga og vernereglane i området er det tungtvegande grunnar for å fråvike vedtaket, og endre Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak 03.12.21 i sak 61/2021. Ut i frå opplysningar frå statsforvalteren er ikkje bua avgjerande for å redusere skadeomfang eller regulere bestanden av jerv, og heller ikkje for om det skal beite sau i Steindalen. Plassering av posterings- og jaktbu i Steindalen strider mot verneformålet og verkar negativt på verneverdiane. Tiltaket vil og kunne skape unødig presedens ved mange liknande søknader frå beitelag og jaktlag knytt til verneområdet.

Det er og eit godt alternativt om å bruke telt, da det i sommarhalvåret vil gjera same nytta under skadefelling, og i tillegg være ein meir fleksibel løysning enn ein fast installasjon.



Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/1146-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 14.02.2022

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 6/2022 | 25.02.2022 |

Innstilling frå forvaltar

Dispensasjon - Reinheimen NP - 2022 – riving av utedo og tilbygg av utedo til eksisterande hytte - Mebua - Grytten Fjellstyre

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3. bokstav b), får Grytten fjellstyre dispensasjon til å rive den gamle frittstående utedoen ved Mebua, og sette opp ny utedo som tilbygg til Mebua.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Fundamentet på utedoen skal være ein enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning skal være av same type og farge som på Mebua.
- Takmaterialet skal være av tre eller takshingel/papp.
- Bygget skal følge mål på vedlagt teikning (ytte mål maks 1,3 m X 1,3 m X 2,8 m).
- Etter riving og bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er sett til **01.10.2023**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Rauma kommune.



--- slutt på innstilling –

Dokument i saka


- Søknad frå Grytten fjellstyre på epost, 23.01.2022.

Saksopplysningar

Utedoen som er satt opp ved Mebua står på ein værutsatt plass, og bardunene som skal sørge for at bygget ikkje veltar i sterk vind, har fleire gongar røket. Fjellstyret ynskjer no å rive utedoen som står der og bygge den opp i le, saman med sjølve bua.



Her er teikning av Mebua med utedoen som tilbygg til vestleg kortside.




Her er teikning av utedo som er satt opp ved Jervebua. Det blir same storleik på det nye utedoen ved Mebua, men det blir pulttak, for å få same takvinkel som på Mebua.



Bilde tv. (SNO). Her ser vi kortveggen på Mebua der det skal bygges på eit utedo.

Bilde th. (SNO). Her er utedoen som skal rivast.



Kart som syner kor Mebu ligg.

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi

- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningslinjer, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

Utviding § 3, pkt 1.3 b.

Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggjast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
 - Byggjeteknikk
 - Utforming og farge,
- jf. opplistinga ovafor.*

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Grytten fjellstyre har i fleire år vært plaga av at utedoen ved Mebua blir reve over ende av vær og vind, sjølv om den er festa godt med bardunar. Dei ynskjer no å rive utedoen som står der, og sette opp utedo som tilbygg til sjølve bua. Då det allereie er eit utedo ved Mebua, vil dette reknast som ein ombygging og utviding av eksisterande bygg, som vi har heimel til å gje løyve til. I forvaltningsplana står imidlertid dette om tilbygg: *Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet.*

Dette tiltaket vil sikre utedoen frå å bli nedrevet og samstundes samle bygningsmassen til eitt bygg. Utedoen ved Mebua har vært eit problem i fleire år, og ein forbetring av plassering vil kunne minske behov for motorisert ferdsel i området, og forlenge levetida på bygget. Forvalter meiner og at eit tilbygg på kortsida av Mebua vil være mindre skjemmande enn eit frittstående bygg og at tiltaket difor totalt sett vil være positivt for verneverdiane.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapen om naturverdiar og villreinen sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var prinsippet). Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger for god overvaking gjennom året. Bygget i seg sjølv vil ikkje komme i konflikt med villreinsinteressane då det ikkje ligg i eit viktig vinterbeite, villreintrekk eller kalvingsområde for villrein. Økosystemtilnærming og samla påverknad er difor liten, jf. naturmangfaldlova § 10. Å flytte utedoen til å bli ein del av Mebua vil heller være ein positiv effekt, då det vil bli mindre forstyrrande element i området.

Det vil i tillegg være behov for motorisert transport av byggematerialar. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane. § 12 ommiljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.

Utedo høyrer naturleg til buer som vert nytta til overnatting og kan hindre forsøpling av dopapir.

Ut i frå ei total vurdering og med dei vilkåra som er satt, vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for nasjonalparken. Forvaltar meiner at eit tilbygg på kortsida av Mebua vil være mindre skjemmande enn eit frittstående bygg, og at tiltaket difor totalt sett vil være positivt for verneverdiane.



Arkivsaksnummer: 2019/10385-12

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 24.11.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 12/2021 | 03.12.2021 |
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 7/2022 | 25.02.2022 |

Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, c), får Hans Gubhage dispensasjon til å bygge på ein sval til Klomsrohuset, som skal settast opp på Gubhage seter, (159/1/50) i Finndalen.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast på eksisterande støypt betongfundament vest for setertunet, med møneretning parallelt med dalføret.
- Tilbygget skal ha eit areal på 8 m x 2,5 m, målt utvendig.
- Fundamentet til bygget skal være mur i naturstein, eller alternativt støypt betongmur som blendast med naturstein.
- Det nyrestaurerte seterhuset, Klomsrohuset, skal etter restaurering inkludert nytt tilbygg, ha eit utvendig areal på totalt 92 m².
- Tilbygget skal ha form som ein sval/skut med skråtak som er tradisjonell byggeskikk, som skisse i søknaden.
- Vindauge på tilbygget skal ha same storleik som på Klomsrohuset, todelt med ruteinndeling 2 x 3.
- Utvendig kledning på tilbygg skal vera i ståande panel og skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på dei andre seterhusa.
- Takmaterialet på skuten skal vera det same som på Klomsrohuset.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **24.06.2023**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Oversending av saksdokument frå Finndalen fjellstyre , e-post 22.11.21
- Søknad frå Hans Gubhage, 16.04.21
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, sak 9/21, 21.04.21
- Uttale frå Statskog, 28.04.21
- Vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 24.06.19
- Uttale frå bygningsrådgjevar, e-post 07.12.21 og 17.02.22

Saksopplysningar

Hans Gubhage søker om å bygge på eit inngangsparti, ein såkalla sval eller skut, på Kolmsrohuset, som skal restaurerast og settast opp på Gubhage seter i Finndalen Ivo. Det nye bygget skal plasserast vest for eksisterande seterhus, og har eit areal på 72 m². Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknad om oppsetting av eit nytt seterhus 24.06.21, der det vart gjeve dispensasjon til plasseringa av nytt seterhus.

Det omsøkte tilbygget har i følge skisse eit utvendig mål på 8 m x 2,5 m, totalt 20 m². Det er handtverksfirmaet Flaten Bygg AS i Skjåk som restaurerer Klomsrohuset, og som har skissert nytt tilbygget. Utvendig kledning på tilbygget er ståande panel og det skal settast inn eit vindu og ei inngangsdør. Bygget skal plasserast med røste nord-sør (møneretning på tvers av dalføret) og svalen skal byggast på austveggen inn mot stertunet. Plassering og helning på terrenget gjer at det er behov for ein mur på ca 2 meter mot sør i retning Finna.

Formålet med tilbygget er i følge søknaden å få til eit inngangsparti for å ha lagerrom, bad og kanskje eit ekstra soverom. Sidan dei driv med tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon, ligg dei på setra ca 3 månader på setra kvart år. Under er skisse av tiltaket, som viser plan og fasade av Klomsrohuset med tilbygg.






Foto: Klomsrohuset som skal restaureres og byggast på med skuti.



Flyfoto: Plassering av Klomsrohuset, markert med raudt.



Foto: Støypt fundament der Klomsrohuset skal plasserast.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

- b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.
- c) ombyggingar og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande om byggeskikk og tilbygg:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c. Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er: i sårbare område som snaufjell eller seterområde av omsyn til andre bygningar i nærleiken av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

I forvaltningsplan, kap. 9.6, er småskala reiseliv omtalt slik:

Tilrettelegging § 3, pkt 1.3, c.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta opne for småskala reiselivsutvikling i tilknytning til eksisterande bygningsmasse. Bygningsmassen kan byggast om for overnatting servering sanitære formål lager. I tillegg kan det tilretteleggjast for parkering.

For tiltak på bygningar gjeld retningsliner under pkt. 9.3 Bygningar.

Reiselivsutvikling må også skje innafor dei rammer som blir gjeve i verneforskriften og av fjellstyret og kommunen, og vurderast opp mot verneformålet.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Hans Gubhage fekk i 2019 dispensasjon til å sette opp Klomsrohuset på Gubhage seter i Finndalen Ivo. Nasjonalparkstyret for Reineheimen har 24.06.2019 i sak 19/2019 gjort slik vedtak:

«Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) og c), får Hans Gubhage dispensasjon til følgjande på Gubhagesetra, (159/1/50):

1. oppføring av nytt seterhus, flytta frå Klomsroe
2. innvendig ombygging/omdisponering av eksisterande seterhus, for vidareutvikling av setra til småskala reiseliv.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Nytt seterhus frå Klomsroe, skal etter oppføring ha eit utvendig areal på 72 m², (6 m x 12 m).
- Klomsrohuset skal restaurerast etter antikvariske prinsipp, og tilpassast setermiljø og bygningsmiljø.
- Nye vindauge, som må skiftast ut, skal ha same storleik som på eksisterande bygg, todelt med ruteinndeling 2 x 3. Nytt vindauge på langveggen mot vegen skal ha same storleik.
- Det nye seterhuset skal plasserast vest for setertunet, der det i dag er ei støypt såle, vist som plasseringsvariant 1 i søknaden, og foto i saksutgreiinga.
- Takmaterialet skal vera torv, skifer, eller tre.
- Utvendig kledning i ståande panel kan vera aktuelt på deler av bygget, dersom det er vurdert som nødvendig av kyndig handtverkar. Tømmerveggane og evt. utvendig kledning på bygningen skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på eksisterande seterhus.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

*Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **24.06.2022**.*

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.»

16.04.21 søkte Gubhage fjellstyret om å bygge på Klomsrohuset med ein skut/sval for ekstra lagerrom, bad og soverom. Finndalen fjellstyre behandla søknaden 21.04.21 og gav løyve til å bygge på en sval som det var søkt om. Nasjonalparkstyret fekk oversendt søknaden i 22. november 2021, og det er grunn til at saka ikkje blir lagt fram før no.

Tilbygget på Klomsrohuset skal dekke behov for lager, inngangsparti og bad/soveplass. Dette vil betre arbeidsforhold i driftsesongen og ytterlegare moglegheit for å utvikle seterturisme. Oppføring av det nye seterhuset er vurdert i i nasjonalparkstyret 24.06.2019, da det vart gjeve dispensasjon til å sette opp Klomsrohuset.

Reiselivssatsinga på Gubhagesætra har ein profil som svarar godt til forvaltningsplan, der det på s. 131, står det mellom anna at reiseliv i Finndalen har potensiale knytt til setrene. Det står mellom anna at - *forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området. I forhold til formålet om å bevare kulturlandskapet gjennom aktiv seterdrift, må sal av overnatting, seterprodukt, kurs, utleige m.v. sjåast på som eit positivt element.*

Verneforskrifta og forvaltningsplanen for Finndalen Ivo har teke høgde for at det kan vera behov for tilbygg på eksisterande bygningar. Når det gjeld det totale arealet på det nyrestaurerte seterhuset vil det med tilbygget få eit samla areal på 92 m².

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Det kan virke som forvaltningsplan har satt arealgrensa på fritidsbygg / hytter, og ikkje seterhus med driftsbygningar og liknande, der det er næringsverksemd.



Av omsyn til byggeskikk på Gubhagsetra verkar tilbygget på 20 m², å vera godt tilpassa Klømsrohuset. Inngangsparti bygd til som ein sval/skut, er godt tilpassa storleik på bygget og tradisjonell byggeskikk, men samstundes må ein unngå store terrenginngrep som kan virke skjemmaende i landskapet. Det kan utifrå teikningar vera vanskeleg å vurdere omfanget av terrenginngrep med måneretning på tvers. I søknaden frå 2019 var plan å plassere bygget med møneretning parallelt med dalføre, slik som ei andre seterbygningane.

For å få eit betre vurderingsgrunnlag er bygningsrådgeva i Gudbrandsdalsmusea kontakta for eit uttale.



Bygningsrådgevar i Gudbrandsdalsmusea skriv følgjande i e-post 07.12.21:
Generelt vil det vere positivt med inngangsparti mot tunet. Møneretning vil vel framleis vere parallell med dalføre og øvrige bygningar? Det er positivt, med omsyn til størrelsen på bygningen. Materialval oppfattar eg som naturstein i muren, det er positivt. Store terrenginngrep (ser ikkje det av vedlegga) er det riktig å vere varsam med.

Etter ny kontakt med bygningsrådgevar i Gudbrandsdalsmusea 17.02.22, er alternative plasseringar av seterhuset skissert på situasjonskart som vist under:

Møneretning på tvers av dalen:



Møneretning parallelt med dalen:



Situasjonskarta over viser at plassering med møne parallelt med dalen, vil gje mindre terrenginngrep. Bygningsrådgjevar har vurdert plasseringa, og skriv at det vil blir meir grunnarbeid om bygget skal stå på tvers av dalen, og skriv vidare at han ville unngått kjeller.

I samsvar med bygningsfaglege råd, bør bygget plasserast med møneretning parallelt med dalføre tilsvarande dei andre seterhusa. Med slik plassering vil ein unngå store terrenginngrep, og plasseringa vil harmonere godt med den tradisjonelle byggeskikken, og landskapsbilete.

Når det gjeld fundament er stein tilstrekkeleg på tørr tomt med enkel mur imellom. Men sidan det alt ligg ein støyppt såle der huset skal stå, er det nærliggjande å støype betongfundament og mur i betong, som blendast med naturstein, tilpassa tradisjonell byggeskikk.

Tilbygget vil ikkje føre til bruksendring av setra som er til ulempe for verneverdiane eller som endrar landskapet sin karakter. Det er positivt at seterhuset frå Klomsroe, vert teke vare på gjennom restaurering, og ny bruk. Ved gjennomføring av restaureringsarbeid og tilbygg skal det brukast kyndige handverkarar, noko som sikrar den faglege kvaliteten på tiltaket. Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap, bygningsmiljø i Finndalen er dokumentert gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtelsesplanarbeidet i området. Byggetiltaket er også knytt til landbruksnæring, og vil ikkje føre til presedensverknad ved mange liknande søknader. Tiltaket vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.



Arkivsaksnummer: 2021/11909-8

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 07.02.2022

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 8/2022 | 25.02.2022 |

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak - driftsmidler nasjonalparkstyret - brukerundersøkingar - 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvde driftsmidler for 2022 (post 21):
Drift av Nasjonalparkstyret for Reinheimen **kr. 380 000,-**

Brukerundersøkingar 2022 (post 21)

Nasjonalparkstyret for Reinheimen merkar seg at det er tildelt **kr. 200 000,-** til brukarundersøkingar i Reinheimen i 2022, og ber sekretariatet vurdere kva type undersøking som er mogleg å gjennomføre utifrå tildelte ressursar.

Fullstendig brukarundersøking i felt med etterundersøking, analyse og samalikning med tidligare undersøking og rapport, krev supplerande tildeling, og tilbod frå leverandørar med nødvendig kompetanse for gjennomføring.

Dersom det ikkje blir tildelt tilstrekkelege midler til fullstendig brukarundersøking, må det vurderast eit alternativt opplegg.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen prioriterer tiltaksmidlar for 2022 slik (post 31):

| Namn | Tiltakstype | Verneområde | Beløp |
|---|--|---------------|---------|
| Skjøtsel med Nofence på geit | Beiting- og/gjerding for bufe | Finndalen lvo | 70 000 |
| Skjøtsel med slått på Bjøknesetra | Slått og rydding | Lordalen lvo | 20 000 |
| Skjøtsel med slått på Selen, Gravdehaug, Brøstdalen og Vermedalen | Slått og rydding | Romsdalen lvo | 100 000 |
| Slettvikane | Oppføring av innfallsport/P-plass, do og infotavle | Reinheimen np | 250 000 |

| | | | |
|---|---|-----------------|------------------|
| Kløvstien i Isterdalen (Ved Trollstigen) | Utvidelse og grusing av parkering, 4 bruer, rasteplass, utedo, bål plass, gapahuk | Trollstigen Ivo | 500 000 |
| Prosjektering Trollveggen infopunkt, og natursti | Natursti og infopunkt | Reinheimen np | 100 000 |
| Vedlikeholdsarbeid - innfallsporter /infopunkt, trykking av nye infoplakater jf. besøksstrategi | Vedlikehold av innfallsporter og infopunkt, jf. besøksstrategi | Reinheimen np | 60 000 |
| 4 Ferdsestellere, Billingen, Kløvstien, Asbjørnsdalen | Oppfølging besøkstelling | Reinheimen np | 0 |
| SUM | | | 1 100 000 |

Sekretariatet får fullmakt til å vurdere å søkje om supplerande tildeling til innmeldte tiltak, dersom det er finansieringsbehov for gjennomføring i 2022.

Dersom det står att tiltaksmidlar, kan sekretariatet i samråd med styreleiar også omdisponere midler til tiltak internt.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder - 2022, Miljødirektoratet 16.11.2021.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025.
- Styresak 51/2020, behandla 03.12.21 i Nasjonalparkstyret for Reinheimen
- Søknad om tiltaksmidlar 2022 - elektronisk søknadssenter (ESS) (vedlegg 1)
- Tildeling av midlar for 2022, behandling i ESS (vedlegg 2)
- Tildelte driftsmidler til nasjonalparkstyret for Reinheimen 2022 (vedlegg 3)
- Veileder M-930|2018, *Brukerundersøkelser som verktøy for forvaltning av verneområder*: [https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/uploads/documents/M-930_2018_Veileder WEB.pdf](https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/uploads/documents/M-930_2018_Veileder_WEB.pdf)

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av tildelte midler:

«Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtsels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midlar til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltingsplaner/skjøtelsesplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einkilde året. Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltings-/tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.»

Vurdering

Drift og øymerka midlar (post 21)

Styret:


Tildeling til drift av nasjonalparkstyret er omtrent som det innsendte budsjettforslaget frå sekretariatet. Driftsbudsjettet skal dekke styremøter, opplæringsdagar / konferansar, som t.d. nasjonalparkkonferansen, og prosessar knytt til møte med rådgjevande utval, administrativt fagutval og andre aktørar i verneområdet. Som tidlegare er det dekning til styremøte med overnatting, kombinert med synfaring i verneområdet.

Sekretariatet:

Midlar til drift av sekretariatet er dekt av statsforvaltaren i Innlandet. Forvaltarane merkar seg at dei økonomiske rammene for sekretariatene til reiser, utstyr og rekvisitar i driftsbudsjettet vart redusert i løpet av 2021. På grunn av pandemien vart sjølvsgatt reiseutgifter redusert i 2020 og 2021, men det er ei forventning om at budsjetttrammer tek utgangspunkt i forbruket i normalår med fysiske møter og gjennomføring av synfaring/tiltak i felt. Forvaltergruppa i Innlandet har derfor gjeve eit felles innspel til arbeidsgjevar om at budsjetttrammene for sekretariatene må reflektere de reelle behovene for å kunne følge opp arbeidet for nasjonalparkstyrene, i tråd med styrevedtekter og stillingsinstruks.

Brukarundersøkingar 2022 (post 21)

Brukerundersøkingar er eit verktøy for forvaltning av verneområder. I 2011 vart den fyrste brukarundersøkinga i Reinheimen gjennomført, med 13 sjølvregistreringskasser inkludert digital etterundersøking der 60% svarte. Brukarundersøkingar kan gje eit betre beslutningsgrunnlag for forvaltninga, som f.eks å velje informasjonstiltak, utnytte verdiskapingspotensialet best mogleg, og for å få kunnskap om bruken av området har endra seg?



Figur over viser selvregistreringskasser som dei førstegangsbesøkande registrerte seg.

Brukarundersøkinga i 2011 gav forvaltninga ein peikepinn på bruken. Reinheimen er to-delt når det gjeld bruk, med stor bruk i nord-vest på både flerdagsturer og dagsturer. Mykje av dagsturtrafikken foregår i ytterkanten av fjellområdet, og det er ein stor del av lokal og regional bruk.

Det er også mykje tilfeldig bruk, med mange førstegangsbesøk som bestemmer seg under vegs og som manglar informasjon før dei kjem til området. Reinheimen viser seg å vera mindre kjent som nasjonalpark, og DNT var den viktigste informasjonskjelde for dei som besøkte Reinheimen for 10 år sidan.

Ei ny brukerundersøking skal gjennomførast etter tilråding i miljødirektoratet sin veileder M-930|2018: https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/uploads/documents/M-930_2018_Veileder_WEB.pdf

Brukerundersøking er viktig for å følgje utviklinga i eit område. Ved å gjennomføre ei ny undersøking kan forvaltninga få signal om det har skjedd endringar i området, som gjer det nødvendige å sette i verk informasjons- og kanaliseringstiltak. Kunnskap om bruken av nasjonalparken, er viktig for at forvaltninga med best mogleg grunnlag skal kunne drive med besøksforvaltning. Miljødirektoratet tilrår at det blir gjennomført ei brukarundersøking med 10 års mellomrom, på tilnærma same måte, og har også utvikla standard spørsmål som utgangspunkt. Brukarundersøkinga i 2011 gav forvaltninga nyttige erfaringar, som ein vil ta med seg i arbeidet med ein ny brukarundersøking.

Det er tildelt kr. 200 000 til brukerundersøking i 2022, og det vil med erfaring frå andre verneområder berre dekke den praktiske gjennomføringa i feltsesongen. I tillegg skal innsamla data punchast, det skal gjennomførast ei digital etterundersøking, og tilslutt skal resultatane analyserast og og samaliknast med tidlegare undersøkingar. Miljødirektoratet hadde rammeavtale med NINA fram til og med 2021. For å gjennomføre full undersøking med analyse og rapport, må det også gjennomførast ei tilbodskonkurranse for tenestekjøp av leverandør med nødvendig kompetanse om brukerundersøkingar i verneområder. Dersom det ikkje blir tildelt tilstrekkelege midler til full undersøking, må det vurderast eit alternativt opplegg.

Tiltaksmidler i verneområdet (post 31)

I styremøte 03.12.21 vedtok nasjonalparkstyret å søke om midler til tiltak på tilsaman **kr. 1 520 000,-** til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet har vurdert søknaden og tildelt **kr. 1 100 000** til Reinheimen (sjå vedlagte tildeling).

Med bakgrunn i tildeling av tiltaksmidler i 2022, og samla budsjettsituasjon, er det gjort ei fordeling på tiltak etter tildeling av midler:

| Namn | Tiltakstype | Søknad | Fordeling etter tildeling |
|---|--|---------|---------------------------|
| Skjøtsel med Nofence på geit | Beiting- og/gjerding for bufe | 70 000 | 70 000 |
| Skjøtsel med slått på Bjøknesetra | Slått og rydding | 20 000 | 20 000 |
| Skjøtsel med slått på Selen, Gravdehaug, Brøstdalen og Vermedalen | Slått og rydding | 100 000 | 100 000 |
| Slettvikane | Oppføring av innfallsport/P-plass, do og infotavle | 400 000 | 250 000 |

| | | | |
|---|---|-----------|------------------|
| Kløvstien i Isterdalen (Ved Trollstigen) | Utvidelse og grusing av parkering, 4 bruer, rasteplass, utedo, bål plass, gapahuk | 630 000 | 500 000 |
| Prosjektering Trollveggen infopunkt, og natursti | Natursti og infopunkt | 200 000 | 100 000 |
| Vedlikeholdsarbeid - innfallsporter /infopunkt, trykking av nye infoplakater jf. besøksstrategi | Vedlikehold av innfallsporter og infopunkt, jf. besøksstrategi | 100 000 | 60 000 |
| 4 Ferdselstellere, Billingen, Kløvstien, Asbjørnsdalen | Oppfølging besøkstelling | 0 | 0 |
| | | | |
| SUM | - 420 000 | 1 520 000 | 1 100 000 |

Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2022

| Pri. | Navn | Status | Innvilget beløp | Øk. ansvarlig | Kommentar |
|-----------|---|--------|-----------------|-----------------------|-----------|
| 1 | Beiting med geit | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 2 | Slått på Bjøknesætre | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 3 | Slått - Selen, Gravdehaug, Brøstdalen, Vermedalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 4 | Slettvikane - informasjonspunkt og do | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 5 | Kløvstien | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 6 | Trollveggen Informasjonspunkt og natursti | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 7 | Informasjonspunkt - vedlikehold, produksjon nye | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 8 | Ferdselsregistrering | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 9 | Samlet pott | OK | 1 100 000 | Forvaltningsmyndighet | |
| Antall: 9 | | | 1 100 000 | | |

Behovsinnmelding statsforvalteren - 2022

| Navn | Status | Innvilget beløp | Kommentar |
|---|------------------|-----------------|-----------|
| Drift - Nasjonalparkstyret for Reinheimen | Innvilget | 380 000 | |
| Brukerundersøking i Reinheimen 2022 | Delvis innvilget | 200 000 | |
| | | 580 000 | |



Arkivsaksnummer: 2022/2153-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 18.02.2022

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 9/2022 | 25.02.2022 |

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2021

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek årsrapportar for 2021 til orientering, og ber om at årsrapporten for Reinheimen blir publisert på Nasjonalparkstyret sine kommunikasjonsplattformer og vidareformidla til rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og andre offentlege og private aktørar knytt til Reinheimen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Årsrapport 2021 – Nasjonalparkstyret for Reinheimen, (sendt på e-post)
- Årsrapport for 2021 frå SNO (sendt på e-post)

Saksopplysningar

Sekretariatet har som tidlegare år utarbeidd årsrapporten for Reinheimen til styret.

SNO har også utarbeidd ein årsrapport for 2021 til nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Vurdering

Årsrapporten for 2021 byggjer på same mal som for tidlegare år, og vil liggje tilgjengeleg på Nasjonalparkstyret sine nettsider, her:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/publikasjoner/arsrapportar>

Rapporten gir ei framstilling av Nasjonalparkstyret sitt arbeid i året som har gått, saksomfang, tiltak/prosjekt og økonomi som er knytt til forvaltninga av verneområdet. Rapporten omhandlar og litt om den generelle bruken av områda, naturfaglege forhold, og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Det er naturleg at rapporten vert publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og sendt ut til aktørar/interessentar knytt til forvaltninga i Reinheimen, som t.d medlemmar rådgjevande utval, administrativt fagutval.

ST 10/2022 Orienteringar